

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 22.00
Aurland	Fjellstyret	Fjordsenteret	5.2.24	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Erling Nesbø, Reidun Bøe Bjørgum, Bjørn Ebne, Leif Turlid,
Tor Olav Kvam.

Vara- medlemar

Andre Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

1/24, 2/24, 3/24, 4/24, 5/24, 6/24, 7/24, 8/24, 9/24, 10/24.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemane og -varamedlemane.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 1/24. Referat og meldingar

- 1) Møtebok frå fjellstyremøte 6. desember 2023
- 2) Adminstrativt vedtak i sak 37/23 sendt 2.1.24, notat frå Arvid Gilje 2. og 5. januar og brev 22. januar.
- 3) Knut Fredrik Øi søkte 2. januar om 50 % permisjon jan-feb. Innvilga 5. januar.
- 4) Hafslund Eco – referat frå dialogmøte 4. januar om rehabilitering av Nyhellerdammen.
- 5) Samling for fjellopsyn, Gardermoen 17.-19. januar. Knut Fredrik og Aron deltok.
- 6) Kurs for fjelltyra på Hardangerfjord Hotell 14.-15. februar. 4 frå fjellstyret + 2 tilsette er påmeldte. Melding om vegarbeid mellom Kvanndal og Ålvik.
- 7) 15. januar: Ny 24 mnd avtale inngådd med Telenor Mobil + fasttelefon.
- 8) 18. januar: Svar på søknad om tilskot til kjøp av lavvo – kr 20.000 frå Sogn Sparebank. Lavvo er innkjøpt. **Merknad:** Vert og søkt om tilskot (kulturmidlar) frå Aurland kommune for å finansiera kjøpet.
- 9) To avtalar signerte med SNO om tenestekjøp 23. og 26. januar: MFK (40.000) og CWD/villrein (100.000).
- 10) NVE-melding 29. januar: Godkjenning av detaljplan for miljø og landskap – rehabilitering av hovuddam Nyheller.
- 11) Innkalling årsmøte Aurland fiskeadministrasjon 13. februar kl. 19.00.
- 12) E-post NFS/Sten Rune Jensen 1. februar: Landsmøte i fjellstyresambandet 13.-14. juni og regionmøte Lampeland hotell 12. april. **Merknad:** Det kan vera aktuelt for fjellstyret å drøfta kandidatar til styreverv og varaplass frå regionen med andre fjellstyre i Sogn og Nordfjella.
- 13) Teamsmøte den 5. februar om erstatningsspørsmål i samband med ny 420 kv-linje gjennom Aurland Nordre statsallmenning. Notat frå møtet vart utdelt.
Merknad: Fjellstyret vil ta opp erstatningsspørsmålet som sak i marsmøtet.
- 14) Det er 5. februar halde eit mellom styreleiarane og dagleg leiar for Aurland Setjefisk og fjellstyret, for å sjå på tenestekjøpsavtalen mellom Aurland Setjefisk og fjellstyret. Bakgrunnen var stor auke i timekostnad frå 2023 til -24. Eit innspel/søknad vil koma frå styret for Aurland Setjefisk, truleg før fjellstyremøtet i mars.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Meldingar, framhald:

- 15) Fjellstyret gjev som 60-årsgråve til Håkon Øydvin 3 døger opphold på valfrie hytter av dei som Statskog SF og fjellstyra leiger ut gjennom Inatur.

Sak 2/24. Fjellstyrerekneskapen for 2023

Utkast til årsrekneskap låg føre.

Handsaming i møtet:

Bjørn Ebne peikte på at det på nokre postar i rekneskapen ikkje var heilt samsvar mellom måten posteringsa var gjort på i 2023 i høve til tidlegare. For å få betre samanlikningsgrunnlag, føreslo han nokre endringar:

- *3301 Tilsot Vestland Fylkeskommune* vert i samandraget lagt inn under «*Friluftsmidlar jakt fiske Aurland*»
- Den delen av *7500 Forsikringar* som gjeld dei to firmabilane til fjellstyret vert lagt til *6472 Firmabil*. Det vil gje eit rettare bilet av samla bilkostnader.
- Som følgje av endra føring av bilkostnader, vert det og ei endring i note 4, som syner samla oppsynskostnader og timekostnad.

Desse endringane får ingen konsekvensar for samla inntekt, kostnader eller årsresultat.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret ynskjer nokre justeringar i rekneskapen før den vert endeleg vedteken. På nokre postar er det ikkje heilt samsvar mellom måten posteringsa er gjort på i 2023 i høve til tidlegare. For å få betre samanlikningsgrunnlag, ynskjer fjellstyret følgjande endringar:

- *3301 Tilsot Vestland Fylkeskommune* vert i samandraget lagt inn under «*Friluftsmidlar jakt fiske Aurland*»
- Den delen av *7500 Forsikringar* som gjeld dei to firmabilane til fjellstyret vert lagt til *6472 Firmabil*. Det vil gje eit rettare bilet av samla bilkostnader.
- Som følgje av endra føring av bilkostnader, vert det og ei endring i note 4, som syner samla oppsynskostnader og timekostnad.

Desse endringane får ingen konsekvensar for samla inntekt, kostnader eller årsresultat.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 3/24. Fjellstyret si årsmelding for 2023

Årsmeldinga for 2023 låg føre.

Handsaming i møtet:

Ein feil i fellingsstatistikken for hjort vart retta (7 hjortar vart felte på dagskort, ikkje 6).

Tor Olav Kvam hadde følgjande framlegg:

Det er misvisande at det står «Opne hytter» og «Andre hytter» i oversikta, når fleire av hyttene under «Andre hytter» også er heilt opne hytter. Endra overskrifta til at alle hyttene som er opne ligg under «Opne hytter.»

Det vart røysta over endringsframlegget. 4 stemde for å lata teksten i kapitelet om hytter vera uendra, medan 1 stemde for endringsframlegget til Tor Olav Kvam.

Vedtak:

Årsmeldinga for 2023 vert godkjend, med ei retting av fellingsstatistikken for hjort (7 hjortar vart felte på dagskort, ikkje 6).

Sak 4/24. Revisjon av vilkår Aurlandsvassdraget

Saksutgreiing låg føre. Revisjonsdokumenta er tilgjengelege på NVE sine nettsider.

Samrøystes vedteken uttale:

Aurland fjellstyre har følgjande merknader til revisjonsdokumentet som er utarbeidd av Hafslund Eco:

- Sommarvasstand i Vetlebotnvatnet: Gjeldande instruks for dette magasinet (brev frå OED 18.12.1978) seier at det i sommarsesongen (1. juli – 15. sept.) ikkje skal pumpast vatn frå Vetlebotnvatnet til Nyhelleren når vasstanden i Vetlebotn er under 1023 m.o.h., altså 2 m under HRV, som er 1025 m. Hafslund Eco ynskjer å kunna køyra med pumping heilt ned til kote 1020. Argumentet deira for dette er at køyringa av kraftstasjon og pumping då vil verta meir fleksibel, og ein unngår nokre stopp-/startepisodar i Aurland. Fjellstyret meiner at 5 m tapping av magasinet under HRV om sommaren vil verta svært därleg motteke av dei som driv med fiske i vatnet, og meiner at fiskeinteressene her bør prioriterast. Det tilseier at vilkåret om at vatnet ikkje skal under kote 1023 i sommarsesongen bør haldast på og vera med i dei nye konsesjonsvilkåra.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 4/24, framhald

- Sommarvasstand i Vestredalsmagasinet: Gjeldande instruks frå OED (brev 18.12.1978) seier at vasstanden så vidt mogleg skal haldast over kote 1150 i sommarsesongen, dvs. ikkje meir enn 2 m tapping under HRV. Her føreslår Hafslund Eco at omsyn til flaumdemping og omsyn til minstevassføring i elva (Stemmerdøla, 1 m³/sek.) skal ha prioritet framfor å halda denne vasstanden i magasinet. Fjellstyret meiner her at fiskeinteressene må prioriterast, og ber om ei formulering i vilkåra som seier at vatnet ikkje skal tappast under kote 1150 i tida 1. juli-15.september, og at dette berre kan fråvikast av omsyn til flaumdemping. Minstevassføringa i Stemmerdøla vil i alle høve vera sikra gjennom at det er lagt inn eit røyr som gjev inntil 1 m³/sek til elva.
- Tiltak for villrein: Rapporten drøftar over fleire sider (s 108-112) konsekvensar som kraftutbygginga kan ha hatt for reinstrekka i villreinområdet, med utgangspunkt i kravet om revisjon som villreinutvalet og villreinnemnda sende til NVE i 2017. Der var dei neddemde trekka kring Nyhellermagasinet trekte fram som dei viktigaste, når det gjeld ulempar utbygginga har hatt for villreinstamma. Dette er heilt i samsvar med det som har vore fjellstyret si haldning i dei 50 åra som har gått sidan den første konsesjonen vart gjeven. Eit utdrag frå ein uttale dåverande fjellstyre sende til Aurland formannsskap i 1973, i samband med Oslo Lysverker sin søknad om endring av konsesjonen til å gjelda oppdemming av det store Nyhellermagasinet, kan illustrera dette: «*Aurland fjellstyre finn reguleringsendringi so omfattande, og med so uheldige innverknader, at vi vil frårå søknaden. Skulle konsesjon likevel verte gitt etter den nye plan, må det reisast ein del tiltakskrav.....Millom Volanut og Vampen, og frå Vampen over Kongshellerelv, vil den nye dammen bli forholdsvis grunn. Her må det fyllast ut kunstig trekk for for rein.*» Det som er positivt å registrera, er at Hafslund Eco no ikkje aviser at utbygginga kan ha hatt negative konsekvensar for villreinen, og at det kanskje er på sin plass at regulanten gjer nokre grep for å betra tilhøva. Ein konklusjon ein finn i revisjonsdokumentet er at regulanten vedgår å ha eit visst «eigarskap» til nokre av problema for villreinen i Nordfjella, og vidare reknar med å bli pålagt å betala inn til eit felles villreinfond. Det vert argumentert for at kostnaden med eventuelle tiltak må dekkast av dette fondet, og ikkje påleggjast regulanten åleine. For fjellstyret og andre lokale villrein- og jaktinteresser vil det ha lite å seia kor pengane vert henta, berre dei gode tiltaka vert gjennomførde. Etablering av ei «landbru» over Kongshellersundet (i dokumentet feilaktig kalla Nyhellersundet) vert trekt fram som eit aktuelt tiltak som Hafslund Eco kan vera open for å vera med på, gjennom eit «spleislag.» Dette er positive signal frå Hafslund Eco. Fjellstyret meiner at eit punkt om at det skal etablerast landbru over Kongshellersundet bør koma inn i dei reviderte konsesjonsvilkåra. På lengre sikt, når bruken får etablert seg, vil det kunna letta trekka for villrein i området, og føra til at Stemmerdalsfjelli og områda mot fv. 50 og Geiteryggen vert tekne meir i bruk.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 4/24, framhald

- **Fisk:** I revisjonsdokumentet vert det stilt spørsmålsteikn ved om fiskeutsetjingar i reguleringsmagasina framleis kan reknast som veleigna tiltak. Til dette er å merka at erfaringane er at utsetjingspåleggja, slik desse vart utforma av DN i 1983, ikkje ville ha fungert etter intensjonen dersom dei vart følgde slavisk. Når ein derimot tek omsyn til fiskeintensitet ut frå fangstrapportar, og prøvefiske som dokumenterer tilstand og kvalitet på fiskebestanden, og justerer utsetjingsmengdene ut frå dette, har resultatet synt seg å vera bra. I dag kan ein trygt seia at alle regulerte vatn i statsallmenningen har svært attraktive fiskebestandar å fiska på. Men det er svært viktig å halda på, og følgja opp, kravet som ligg i gjeldande konsesjonsvilkår, § 9, pkt. 6: «*Konsesjonæren plikter å bekoste fiskeribiologiske undersøkelser innen reguleringsområdet.*» Like eins går fjellstyret inn for å behalda pkt 1 i den same paragrafen: «*Å sette ut yngel og/eller settefisk. Vedkommende departement bestemmer også hvilke fiskearter og -stammer som skal benyttes, samt tid og sted for utsettingen og fiskens størrelse og kvalitet.*»

Sak 5/24. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2024-27 – oppstart

Saksutgreiing låg føre. Planen som gjekk ut ved årsskiftet vart delt ut i møtet.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret startar opp arbeid med revidering av forvaltingsplanen for Aurland statsallmenning, med sikte på vedtak av plan hausten 2024. Melding om oppstart av planarbeidet vert lagt ut på fjellstyret si heimeside og i «Aurlendingen.» Det vert lagt opp til slik tidsplan for arbeidet:

februar 2024	mars 2024	april 2024	mai-oktober	november 2024
Vedtak oppstart	Del 1 + innspel plan	Del 2-4	Høyring	Vedtak av plan

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 6/24. Klage på sluttfaktura dagskortjakt i Nordheimsdalen - Arvid Gilje

Saksutgreiing vedlagt notat frå Arvid Gilje låg føre.

Samrøystes vedtak:

Aurland fjellstyre aviserer klage på sluttfaktura på dagskortjakt i Nordheimsdalen frå Arvid Gilje. Grunngjeve med at heilt sidan Aurland fjellstyre overtok utleiga av hjortejakta i Nordheimsdalen frå Statskog SF i 2004 har kommunale fellingsavgifter vorte lagt på sluttfaktura på felte dyr.

Sak 7/24 Framlegg til medlem og varamedlem til styret for Aurland Setjefisk SA

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Som medlem i styret for Aurland setjefisk SA innstiller fjellstyret Reidun Bøe Bjørgum, med Leif Turlid som varamedlem.

Sak 8/24. Val av styremedlem og varamedlem til villreinutvalet for Nordfjella

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Som Aurland fjellstyre sin styremedlem i villreinutvalet for Nordfjella for perioden 2024-26 vert Erling Nesbø vald, med Tor Olav Kvam som varamedlem.

Sak 9/24. Søknad om fornying av leigeavtale for storviltjakt 2024-27, Aurland jakt- og fiskelag

Saksutgreiing vedlagt søknad låg føre.

Samrøystes vedtak:

Aurland fjellstyre er positive til å fornya leigeavtale om elg og hjortejakt i Nordheimsdalen, men ynskjer å drøfta ein del forandringar i avtalen med Aurland jakt og fiskelag før ein skriv ny kontrakt. Dagleg leiar får ansvar for å kalla inn til eit slikt møte. Så blir kontraktsutkast og retningslinjer for elg og hjortejakt i Aurland statsallmenning teke opp som eigne saker i nytt fjellstyremøte.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 5.2.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 10/24. Møteplan for 1. halvår

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret legg opp til denne møteplanen for resten av 1. halvår:

- Torsdag 7. mars
- Måndag 15. april
- Tysdag 21. mai
- Tysdag 11. juni

Aurland, den 6.2.24

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene